



Saksdokumenter:

KM 7/24 Organisasjonsutvikling – folkevalde, soknerådet og bispedømerådet

Vedtak

- 1 1. Trussamfunnet Den norske kyrkja er styrt av demokratiske organ på alle nivå. Dette har
2 både teologiske og historiske årsaker. Kyrkjemøtet bed Kyrkjerådet om å legge fram
3 forslag om ei føresegn i kyrkjeordninga som stadfestar at rådsorgana i kyrkja utgjer ei
4 særleg styringsteneste.
- 5 2. Kyrkjemøtet meiner det er viktig at administrativ støtte til råda, og eventuell
6 godtgjering for teneste som rådsmedlem blir vurdert ut frå dei tilgjengelege ressursane
7 på den aktuelle staden. Kyrkjemøtet vil oppfordre til samarbeid om administrativ støtte
8 der det ligg til rette for det.
9
- 10 3. Kyrkjemøtet vil understreke at dei to organa for soknet, soknerådet og kyrkjeleg
11 fellesråd, må ha eit nært samarbeid, med respekt for ulike mandat og roller. Kyrkjeleg
12 fellesråd har ansvar for økonomi og tilsette og fungerer slik som det viktigaste
13 ressursorganet for soknerådet. Både rådsmedlemene og dei tilsette i soknet må få
14 tilstrekkeleg opplæring i oppgåver og roller og korleis råda fungerer som styringsorgan.
15
- 16 4. Kyrkjemøtet vil styrke soknerådets rolle som styringsorgan for soknet og bed
17 Kyrkjerådet om å legge fram forslag om endringar i regelverket slik at:
18 a) soknerådet får ei tydeleg rolle i samband med utlysing av og tilsetting i
19 kyrkjelydsretta stillingar
20 b) prestar som arbeider i soknet, blir forplikta på dei planane og prioriteringane som
21 soknerådet fastset, på lik line med dei tilsette som har soknet som arbeidsgivar

- 22 c) sokneråda gjennom ei årleg samling eller på anna vis kan gi retningsgivande signal
23 til kyrkjeleg fellesråd om budsjett og planar for den kyrkjelege verksemda i
24 kommunen.
- 25 5. Bispedømerådet har si merksemd på alt som kan gjerast for å vekke og nære det
26 kristelege livet i kyrkjelydane. Kyrkjemøtet vil styrke bispedømerådet som strategisk
27 organ og ressursorgan for soknet. Difor må rolla som eit strategisk mellom- og
28 bindeledd mellom Kyrkjemøtet og lokalkyrkja utviklast. Samråd og andre møtepunkt
29 med organa til soknet bør bli ein sentral del av arbeidsforma. Kyrkjemøtet ber om ei
30 sak om oppgåveportefølja til bispedømerådet. Mandat og oppgåver for
31 bispedømerådet må også bli definert med omsyn til biskopens tilsynsoppgåver.
- 32
- 33 6. Kyrkjemøtet går inn for at det blir laga felles regler for godtgjering, frikjøp og dekning
34 av tapt arbeidsforteneste for medlemar i bispedømeråda.



DEN NORSKE KIRKE

Kirkemøtet 2024

Vedtak sak 7/24 Organisasjonsutvikling – folkevalde,
soknerådet og bispedømerådet